

Respons

Vietnam: Tilhøva for LHBT-personar

- Korleis er tilhøva for lesbiske, homofile og transpersonar i Vietnam?

Innleiing

Trass i rask utvikling og omfattande sosiale og økonomiske endringar dei siste tiåra, er Vietnam fortsatt på mange vis eit tradisjonelt samfunn med sterke konfusianske føringar på sosiale verdiar og normar. Buddhismen, iblanda innslag av daoisme og forfedredyrking, har også lange tradisjonar. Livet i Vietnam kretsar tradisjonelt kring åkrane, heimen og forfedrealteret, og familien sin sosiale status avgjorde – og avgjer fortsatt – i visst mon kva moglegheiter ein har i livet. Familien er derfor ein mektig institusjon med stor innverknad på individet sine val. Han er ein konservativ institusjon som legg sterkt press på medlemmane for å vidareføre han, og barna sine ekteskap og påfølgande sonar er ein svært viktig sak for dei fleste foreldre.

Opp gjennom historia har homofili og andre former for non-normative legningar og kjønnsidentitetar likevel gjerne vore tolerert, om enn ikkje heilt akseptert. Homofili har til dømes aldri vore kriminalisert (UNDP & USAID 2014). I den sosialistiske republikken (etter 1976) har homofili ikkje desto mindre ofte vore negativt omtala, gjerne som eit «sosialt onde» (*social evil*), mellom anna i media. I dei siste åra har diskursen vorte meir nyansert. Sjølv om det stadig hender at LHBT-personar (lesbiske, homofile, bifile og transpersonar) – og då kanskje særleg transpersonar – vert negativt framstilte, så skriv mediene no generelt meir om desse temaa, og oftare også i positive vendingar (iSEE, møte i Hanoi september 2015). Den samfunnsmessige toleransen for eksistensen av alternative seksuelle identitetar kan såleis vere høgare enn familien sin toleranse for ein son eller ei dotter med homofil legning.

Den viktigaste kjelda for denne responsen er det vietnamesiske Institute for Studies of Society, Economy and Environment (heretter omtalt som iSEE), som held til i Hanoi og som Landinfo møtte der i september 2015. Dei er ein organisasjon som arbeider for rettane til etniske og seksuelle minoritetar i landet. iSEE vart stifta så seint som i 2007, men var likevel den fyrste vietnamesiske organisasjonen som byrja å arbeide for LHBT-rettar. Ei anna gruppe hadde tidlegare teke opp helse spørsmål for menn som har sex med menn (MSM), men dei hadde eit smalare helseperspektiv og ikkje ein rettighetsbasert tilnærming. iSEE har eit tjuetals tilsette.

Respons Vietnam: Tilhøva for LHBT-personar

Vietnam er ikkje eit samfunn der det er trygt å kjempe for (eller mot) ei sak på rettighetsbasert grunnlag. Kommunistpartiet og lokale styresmakter er svært kjenslevare overfor organiserte grupper med sterke meiningar, også om desse ikkje går direkte imot noko av det partiet står for. iSEE sa at ein hovudtaktikk dei opererer etter, er å fokusere på *kjærleik* heller enn på menneskerettar når dei promoterer dei homofile og transkjønna si sak. Det er med på å ufarleggjere budskapet¹.

Lovverket

Homofili og transseksualitet er ikkje forbode eller kriminalisert i Vietnam. Ekteskap mellom to av same kjønn var forbode gjennom ekteskaps- og familielova av 2000 fram til denne vart revidert i 2014. Då vart forbodet fjerna, og eit nytt dekret (Dekret Nr. 110/2013/ND-CP) oppheva også bøtelegging av personar som organiserte eller deltok i ekteskapsseremoniar for par av same kjønn. Sidan 2014 kan homofile og lesbiske par såleis gifte seg, men eit viktig atterhald er at samekjønnsekteskap framleis ikkje er *juridisk* anerkjent i Vietnam i den forstand at homofile ektepar ikkje vil ha same juridiske status eller rettar som heterofile ektepar (UNDP & USAID 2014).

Fram til no har transpersonar korkje vore juridisk anerkjent eller hatt særleg juridisk vern i Vietnam, og kjønnsstadfestande operasjonar har vore forbode. Men i november 2015 skreiv Thanh Nien, ei stor vietnamesisk avis, at transkjønna i Vietnam vert anerkjente og får «all relevant rights to their new gender» i den reviderte sivillova (*Civil Code*) som vart vedteken i nasjonalforsamlinga 24. november 2015. Den reviderte lova vil etter planen tre i kraft i januar 2017, og har to paragrafar som omhandlar kjønnskifte eller -stadfesting: «Redefine sex» (paragraf 36) and «Sex change» (paragraf 37). «Redefine sex» gjeld for personar som er fødte med kjønn som ikkje er klart mannleg eller kvinneleg (intersex), og «sex change» gjeld personar som ynskjer å endre det kjønnet dei vart tilskriva ved fødselen. Paragraf 37 føreskriv også at personar som har gjennomgått kjønnsstadfestande operasjon kan og skal endre opplysningane i ID-dokumenta sine tilsvarende (Anh 2015, Luong 2015).

Dermed vil det, når lova trer i kraft i 2017, verte juridisk tillate for transpersonar å korrigere eller endre kjønn. I praksis vil sjølvsagt ei rekkje andre faktorar, deriblant psykologiske og økonomiske, også vere med og avgjere om kjønnskifte eller -stadfesting er mogleg på individuell basis. Viss den nye lova vert implementert, og såleis gjer det mogleg for vietnamesiske transpersonar å endre det tilskriva kjønnet sitt på ein trygg og forsvarleg måte, samt å endre kjønnsmarkøren i ID-kortet og andre personlege dokument, vil det, slik iSEE ser det, vere det største framskrittet for LHBT-personar i Vietnam så langt. Organisasjonen medverka sjølv med forslag under prosessen forut for revideringa (iSEE, møte i Hanoi september 2015).

Diskriminering, trakassering og vald

Det hender at LHBT-personar vert trakasserte, også av offentlege tenestepersonar eller andre som representerer styresmaktene. Då er det som oftast retta mot praksis, som til dømes handlingar som vert regna som usømmeleg framferd på offentlig stad. Transpersonar vert derimot nokre gongar spurde ut om opplysningane i ID-korta sine. Nokre av dei har til dømes

¹ Då ein søkte om løyve til å arrangere Viet Pride omtala ein det i søknaden derfor ikkje som ein parade eller demonstrasjon, men som eit *transport*-arrangement.

ID-kort med eit anna kjønnsuttrykk enn det dei identifiserer seg med, sidan det så langt ikkje har vore mogleg å endre kjønnsmarkøren i eit vietnamesisk ID-kort (iSEE, møte 2015).

Ifølgje iSEE er hatkriminalitet mot homofile og transpersonar uvanleg. Valdelege angrep frå framande er så vidt iSEE veit sjeldan. Mykje vanlegare er baksnakking frå venner, naboar og andre, og at venner svik når dei får vite at ein person er lesbisk, homofil eller transseksuell. Særleg for transpersonar er den sosiale utfrysinga merkbar, og dei har til dømes høg drop out-rate i skulen. Men samstundes meinte iSEE at det i visse høve kunne være høgare toleranse for transpersonar og deira situasjon enn for homofile og lesbiske. Dette fordi enkelte trur at homofili er eit val eller ein trend som nokre unge kastar seg på, medan dei lettare aksepterer «naturen» i at nokre menneske kan være fødte i feil kropp (iSEE, møte 2015).

Familien er ofte verst. Tradisjonelle verdier gjev eit sterkt konformitetspress knytta til bevaring av ansikt og vidareføring av slekta, og mange foreldre reagerer med sinne og avvising når dei får vite at ein son eller ei dotter er homofil eller transseksuell. Derfor er det framleis mange som ikkje tør stå fram, eller som ventar i det lengste med det. Ifølgje iSEE (møte 2015) hender det også at homofile og lesbiske venner gifter seg med kvarandre for – om enn midlertidig – å sleppe unna giftepresset frå familien.

iSEE fortalde i møte med Landinfo (2015) at dei i sine undersøkingar har funne at det vietnamesiske samfunnet sine haldningar til seksuelle minoritetar i det store og heile er negative. Om lag ein tredel av respondentane i ei undersøking iSEE gjorde i 2009 sa at homofili er ei «liing eller ein smittsom sjukdom», medan 54 prosent sa homofili skuldast «mangel på omsorg/ kjærleik/ rettleiing frå foreldra». Halvparten av respondentane meinte at LHBT-personar «kan kurerast» (Mosbergen 2015).

Same studie fann at dei fleste homofile og lesbiske i Vietnam held den seksuelle identiteten sin skjult i frykt for sosial fordømming. Berre 2,5 prosent av homofile menn sa dei hadde kome «heilt ut» av skapet og fem prosent sa at dei var «for det meste opne» (Mosbergen 2015).

iSEE (Nguyen et al u.å.) har også gjort ei undersøking av gatebarn i Ho Chi Minh City, og i den gjekk det fram at det er auka risiko blant lesbiske og homofile ungdomar for å havne på gata. Nokre av desse har opplevd omsorgssvikt og kjem frå dysfunksjonelle eller oppløyste familiar, og om dei vert avvist og/eller fordømd heime når dei kjem ut som homofile, så ser mange eit liv på gata som det minste ondet.

Det er lite eller inga seksualundervisning i den vietnamesiske skulen, og i den grad slik undervisning vert gjeve, er ho ikkje fokusert på diversitet eller ulike legningar og kjønnsuttrykk. Samstundes hevdar iSEE (møte 2015) at det har skjedd store haldningsendringar i Vietnam det siste tiåret. Det har vore eit stemningsskifte i mediene, der LHBT-tema no får meir, og i større grad positiv, omtale enn tidlegare, særleg i samband med dei nylege lovendringane. Dertil er altså både ekteskapslova og sivillova no revidert, og det har vore arrangert både pride-paradar og andre offentlege markeringar fleire stader dei siste åra. Mange stader, og kanskje særleg i byane, er LHBT-personar ifølgje iSEE no utsatt for mykje mindre fordømming og negative kjensler enn før.

Denne auka toleransen gjeld likevel ikkje i alle samanhengar. Særleg på arbeidsplassen er det mange LHBT-personar som vert verande «i skapet», også blant dei som har kome ut privat. Dei er redde for utfrysing og for å verte oppsagte. iSEE kjende til nokre tilfelle der personar

hadde vorte oppsagte på grunn av den seksuelle legninga si, men det er få eller ingen kjende tilfelle der nokon har tatt saka si til domstolane for å få ho prøvd der (iSEE, møte 2015).

Transpersonar er mest diskriminert, men lovrevideringa er eit stort framskritt

Det estimerte talet på personar som har eit tilskrive kjønn som ikkje stemmer med kjønnsidentiteten deira, ligg på mellom 270 000 og 500 000 (Anh 2015, Radio Free Asia 2015). Av dei ulike seksuelle minoritetane dei arbeider med, altså lesbiske, homofile, bifile og transseksuelle, meiner iSEE (møte 2015) at dei transseksuelle er dei som er og har vore mest diskriminert, både sosialt og juridisk.

Transpersonar kan møte problem i sivile transaksjonar (reiser, banktransaksjonar, osb.) om dei har eit kjønnsuttrykk som ikkje stemmer med kjønnsmarkøren i ID-papira deira. Dei vert også diskriminert i arbeidslivet. Dette gjer det vanskeleg for dei å få gode, enn sei vanlege, jobbar, og mange transpersonar deltek derfor berre delvis i arbeidslivet og då gjerne i dårleg betalte jobbar og/eller i uformell sektor. Enkelte transkjønna livnærer seg ved å syngje i gravferder. Dette er ein vietnamesisk tradisjon, der tanken er at ein transseksuell songar kan spreie glede i den sorga som ei gravferd er. Andre sel sex, og det kan i sin tur gje helseproblem og auka stigma (iSEE u.å., og møte 2015).

Særleg når det kjem til helse og helserelaterte tema, har situasjonen for dei transkjønna vore vanskeleg. Kjønnsendrande eller -stadfestande operasjonar har hittil berre vore tillate for intersex-barn, altså barn som er fødte med kjønnsdelar frå bae kjønn. Dette var regulert gjennom Dekret 88 frå 2008 som slo fast at kjønnsskifte (*sex reassignment*) var reservert personar fødte med kjønnsdelar frå bae kjønn eller utan heilskaplege kjønnsorgan. Desse personane har oftast ikkje sjølv kunna velje eller ein gong påverke valet av sitt eige kjønn, då dette valet har vore treft medan dei var barn av legar i samråd med barnet sine foreldre. Dette skjedde gjerne medan barnet var svært lite, mellom anna sidan det ikkje har vore lovleg for intersex-personar å behalde sin intersex-identitet. Dekretet tilsa dertil at det ikkje var naudsynt å få samtykke frå barnet om det var yngre enn 16 år (UNDP & USAID 2014, s. 19; iSEE, møte 2015; Decree on Sex Reassignment 2008).

For transseksuelle har kjønnsstadfestande operasjonar vore forbode, men Dekret 88 vart revidert samstundes som sivillova i november 2015 og når dei reviderte utgåvene trer i kraft, vil kjønnsskifte vere mogleg også for transpersonar. På grunn av lovforbodet, har dei som ynskjer ein slik operasjon hittil vore nøydd til å få han utført i utlandet, til dømes i Thailand. Dette er kostbart, og har vore forbunde med høg risiko ettersom det ikkje har vore noko behandlingstilbod for desse personane når dei kom attende til Vietnam. Sidan dei ikkje har fått hormonar eller anna behandling gjennom det vietnamesiske helsevesenet, har dei måtte velje ut og kjøpe legemiddel på eiga hand, setje injeksjonar sjølv og elles klare seg utan hjelp frå legar eller sjukehus (iSEE u.å., og møte 2015). Legar har hittil heller ikkje gjeve medisinske råd i samband med hormonbehandling, og ifølgje iSEE (møte 2015) har fleire transpersonar dødd som ei følgje av at dei har skaffa feil preparat eller har administrert dei på feil måte.

Endringane i sivillova vil tillate vietnamesiske sjukehus å utføre kjønnsstadfestande operasjonar frå ho trer i kraft 1. januar 2017. Det er då å vente at helsepersonell også vil kunne tilby rådgjeving, hormonbehandling og anna medisinsk støtte som vil gjere det mindre risikofylt å byte/korrigere kjønn i Vietnam. Eit problem er at vietnamesiske legar ikkje har den naudsynte kompetansen ettersom medisინutdanninga i Vietnam ikkje dekkjer desse

Respons Vietnam: Tilhøva for LHBT-personar

temaa. Ifølgje iSEE (møte 2015) har helsepersonell fram til no heller ikkje hatt lov til å informere pasientar om transseksualitet, eller om behandling og operasjonar for dette. Dermed kan det vere eit stykke igjen før det vietnamesiske helsevesenet har eit fullgodt tilbod til transpersonar.

Endringane i sivillova opnar som nemnt for at personar som har fått utført kjønnsstadfestande kirurgi, kan og skal få retta opp kjønnsmarkøren sin i nasjonale ID-papir, noko som tidlegare ikkje har vore mogleg. Lovendringa har vorte godt motteke av relevante partar i Vietnam, men Human Rights Watch har påpeika at kravet om kirurgisk inngrep som ein føresetnad for juridisk endring av kjønnsstilknytning er i strid med transpersonar sin fundamentale rett til aksept i det kjønnet som dei identifiserer seg med (HRW 2015). Dei meiner med andre ord at det bør vere mogleg å få endra kjønnsmarkør i ID-papira sine utan å ha gått igjennom ein operasjon.

Utlendingsforvaltninga si eining for landinformasjon (Landinfo) skal som fagleg uavhengig eining hente inn og analysere informasjon om samfunnstilhøve og menneskerettar i land som Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Justis- og beredskapsdepartementet kan trenge kunnskap om. Landinfo sine rapportar og temanotat er baserte på opplysningar frå både åpne og anonyme kjelder. Opplysningane er innsamla og handsama etter kjeldekritiske standardar.

Responsar frå Landinfo er svar på konkrete spørsmål som Landinfo har fått frå saksbehandlarar i utlendingsforvaltninga. Slike responsar er ikkje meint å vere utfyllande utgreiingar av eit tema, og kjeldegrunnlaget er ikkje alltid like breitt som i temanotata våre. Responsar er utarbeidde med knappe fristar og inneheld gjerne lite bakgrunnsinformasjon.

Opplysningane som blir lagde fram i responsane, kan ikkje takast til inntekt for eit visst syn på korleis utlendingsforvaltninga bør handsame søknader. Responsane er heller ikkje uttrykk for norske styresmakters syn på dei tilhøva og landa som omtalast.

Referansar

Skriftlege kjelder

- Anh, V. & Khanh, A. (2015, 24. november). Vietnam recognizes transgender rights in breakthrough vote. *Thanh Nien*. Tilgjengeleg frå <http://www.thanhniennews.com/politics/vietnam-recognizes-transgender-rights-in-breakthrough-vote-54168.html> [lasta ned 4. desember 2015]
- [Decree on Sex Reassignment] (2008, 5. august). *Decree No. 88/2008/ND-CP of August 5, 2008 on Sex Reassignment*. Tilgjengeleg frå Kenfox <http://kenfoxlaw.com/resources/legal-documents/governmental-decrees/2547-vbpl.html> [lasta ned 4. desember 2015]
- [Dekret Nr. 110/2013/ND-CP] (2013, 24. september). *Regulation on sanction of administrative violation in the field of judicial assistance, judicial administration, marriage and family, civil judgment enforcement, enterprise and cooperative bankruptcy*. Tilgjengeleg frå Investment & Trade Promotion Center http://www.itpc.gov.vn/investors/how_to_invest/law/Decree_No.110_2013/mldocument_view/?set_language=en [lasta ned 4. desember 2015]
- HRW, dvs. Human Rights Watch (2015, 30. november). *Vietnam: Positive step for transgender rights*. New York: HRW. Tilgjengeleg frå <https://www.hrw.org/tet/node/283925> [lasta ned 4. desember 2015]
- iSEE, dvs. Institute for Studies of Society, Economy and Environment (u.å.). *Idahot 2015. Rights protection movement and the road to freedom and equality for gay, lesbian, bisexual, and transgender people (LGBT) in Vietnam*. Hanoi: iSEE.

Respons Vietnam: Tilhøva for LHBT-personar

- Luong, H. (2015, 24. november). *10 things you need to know about the recognition of transgender rights in Viet Nam*. Hanoi: iSEE. Tilgjengeleg frå <http://iSEE.org.vn/en/Blog/Article/10-things-you-need-to-know-about-the-recognition-of-transgender-rights-in-viet-nam> [lasta ned 4. desember 2015]
- Mosbergen, D. (2015, 18. oktober). Vietnam has been praised as a leader in LGBT rights. Activists beg to differ. *The World Post*. Tilgjengeleg frå http://www.huffingtonpost.com/entry/lgbt-vietnam_56163a78e4b0e66ad4c68090 [lasta ned 4. desember 2015]
- Nguyen, T.H. et al (u.å.). *Situation assessment. Lesbian, gay, bisexual and transgender street children in Ho Chi Minh City*. Hanoi/Ho Chi Minh City: Thê Gioi Publishers.
- Radio Free Asia (2015, 1. desember). New transgender rights law in Vietnam falls short: Rights group. *Radio Free Asia*. Tilgjengeleg frå <http://www.rfa.org/english/news/vietnam/transgender-12012015170918.html> [lasta ned 4. desember 2015]
- UNDP & USAID (2014). *Being LGBT in Asia: Viet Nam country report*. Bangkok: UNDP & USAID. Tilgjengeleg frå https://www.usaid.gov/sites/default/files/documents/1861/Being_LGBT_in_Asia_Viet_Nam_report_ENG.pdf [lasta ned 4. desember 2015]

Munnlege kjelder

- iSEE, dvs. Institute for Studies of Society, Economy and Environment. Møte i Hanoi, 28. september 2015.

© Landinfo 2015

Materialet i denne publikasjonen er omfatta av åndsverklova. Utan særskild avtale med Landinfo er eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate når det er heimla i lov.